

Uttale til Trafikksikringsplanen for 2014-2020

Radøy ungdomsråd ser seg svært positive til den nye trafikksikringsplanen og stiller seg bak den som den er. Me ser på det som særst positivt at det er satt fokus på trygge skulevegar for barn og unge i kommunen, då me ser på dette som ein viktig sak for ungdomsrådet. Det er og bra at det er satt fokus på ulukke der ungdomar involverte, med tanke på at mange unge i kommunen tar sertifikatet på både moped/motorsykkel og bil. Her synest ungdomsrådet det vil være viktig å jobbe med førebyggjande tiltak samt haldningsskapande arbeid. Ungdomsrådet stiller seg og positive til at «Barn og ungdom skal gjennom opplæring frå føresette, i barnehagane og i skuleverket tileigna seg kunnskap om trafikktryggleik og utvikle ein sikker åtferd i trafikken» (s.11, Trafikksikringsplanen) er satt opp som eit av hovudmåla og skal prioriterast. Dette trur ungdomsrådet er veldig viktig at blir gjennomført, for å hindre ulukker blant unge i framtida.

Med venleg helsing

Agnes Hoshovde Bernes

Nestleiar i Radøy ungdomsråd

